ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 22.12.2020 |
| Vår: 20/11977 - 20/81541 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - gbnr 323/625, 626 BK20 tomannsbustad Frekhaug

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 1409/20** |
| **Tiltakshavar:** | Boligbygg Vest AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tyark AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tomannsbustad BK20 på gbnr 323/625 og gbnr 323/626 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande tiltaket: tomannsbustad BK20 med adresse Elvavegen 93 og gbnr 323/625 og med adresse Elvavegen 95 og gbnr 323/626.**
2. **Ferdigmelding for VA-tilkopling med SOSI-koordinatar skal liggje føre, og vere godkjent i samsvar med tilbakemelding etter møte 09.12.20 frå avdeling for Samferdsel-, veg-, og VA-forvaltning før ferdigattest kan gjevast.**
3. **Før kommunal veg KV01 skal overtakast av kommunen, må arbeidet med BK05 ferdigstillast.**
4. **Søknad om ferdigattest skal liggje føre innan 01.04.2021.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 19/610 datert 22.03.19.

Ansvarleg søkjar har opplyst i søknaden motteke 21.12.20 at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. **Ferdigmelding for VA-anlegget skal liggje føre godkjent før ferdigattest skal gjevast innanfor 01.04.2021.**
2. **Avfallsplan skal sendast inn innanfor 01.04.2021.**

Mellombels bruksløyve gjeld heile tomannsbustad BK20, gbnr 323/625, 323/626. Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.04.2021.

Det vert elles vist til søknad motteken  21.12.20.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Elvavegen 93 gbnr 323/625 |
| Bygningstiltak: | Del av tomannsbustad |
| Bygningsnummer: | 300736121 |
| Bruksareal: | 135,6 m2 |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 1 |
| Adresse: | Elvavegen 95 gbnr 323/626 |
| Bygningstiltak: | Del av tomannsbustad |
| Bygningsnummer: | 300736128 |
| Bruksareal: | 134,7 m2 |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 1 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1).  Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/11977

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Boligbygg Vest AS | Eidsvågbakken 1 | 5105 | EIDSVÅG I ÅSANE |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tyark AS | Strandgaten 19 | 5013 | BERGEN |